

## Innkomne merknader ved høyring

I høyringsperioden er det kome inn 7 innspel og merknader frå offentlege instansar og private partar. 3 merknadar/innspel er frå private partar og 4 er frå offentlege instansar og andre interessentar. Hovudinnhald og administrasjonen si vurdering av alle innspel i samband med gjennomført planfase er som følgjer:

Innspel frå	Dato	Innhald i merknad	Vurdering
SFE	15.08.2017	SFE viser til at det er straumforsyning fram til planområdet i dag. Det er transformator kapasitet til 2 nye hytter, men spenningstilhøva kan bli marginale i utkanten hyttefeltet sjølv med ein liten effektauke. Det kan derfor vere naudsynt med forsterking av linjenettet i området. Dette vli bli avklart når dei nye hyttene skal etablerast og det føreligg informasjon om effektbehovet i planområdet.	Dette er forhold som må følgjast opp i utbyggingsfasen.
Per Storegjerde Eigar av gbnr 98/56 og 98/59	10.07.2017	<p>Storegjerde har følgjande merknadar til planframlegget:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Han er usamd i planavgrensinga, og meiner at ein enten må ta med heile Øyna, eller berre dei nye tomtane.</li> <li>Mellom tomt 5 og 6 på plankartet er det teikna inn nye byggegrenser. Dette området har i alle år frå det vart utskilt frå hovudbruket hatt same eigar og vore brukt som ei tomt. Det vil være urimeleg å innføre nye restriksjonar her. Han søker derfor om samanslåing av begge.</li> <li>Han meiner byggegrenser mot sjøen ikkje er naudsynt i dette området på grunn av terrengforhold. Og han stiller og spørsmålsteikn ved sona for stormflo.</li> <li>Tilkomsten er føresett skal skje på eksisterande private veg og sti . Omtalen av denne stien er historisk feil. Øyna er frå gammalt delt mellom to bruk , der den vestlegaste teigen har tilkomstrett over den austre, fastlagt i breidde og form, i jordskifte. Eksisterande sti følger omlag . Han meiner at ein ikkje kan endre dette utan samtykke frå dei som er råka. Vidare går tilkomsten til den eldste bygningen på Øyna går midt over den eine nye tomte, godt innanfor byggbart areal. Det er for lettvindt i ein detaljreguleringsplan å berre omtale at der er god plass å kome til eigedomen over nærliggande fellesareal. Her bør det klargjerast kvar denne stien skal flyttast i fall, og kven dekkjer kostnaden ,og om den råka er samd i det nye opplegget.</li> <li>Parkeringa er føresett skal ordnast med privat leigeavtale på fastlandet. Dette er etter hans meining ikkje godt nok.</li> <li>For naust i BNU 1 og BNU 2 må eigarforma rettast til privat slik som føresett i vedtaket til PSUV.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Planavgrensinga er valt for at ny plan skal erstatte eksisterande disposisjonsplan.</li> <li>Byggegrensene mellom tomt 5 og 6 er fjerna for å imøtekome merknaden. Samanslåing av tomtane må søkjast om på vanleg måte.</li> <li>Byggegrenser mot sjø må takast omsyn til i nye planar. Strandsona har eit eige vern gjennom plan- og bygningslova. Å legge inn faresone for stormflo er eit planfagleg krav for nye planar. Dette er forhold som ein uansett må ta omsyn til ved bygging, jfr TEK 17 kap 7.</li> <li>I planframlegget er tilkomstvegen lagt der eksisterande gangveg går. Ein plan tek ikkje stilling til dei privatrettslege forholda. Desse må utbyggar ordne sjølv.</li> </ul> <p>Administrasjonen har vurdert løysinga for parkering som tilfredstillande, då dette er eit hytteområde.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Eigarform for naustområda er retta.</li> </ul>

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er uklårt for han kven som eig områda merka felles , og kven som i fall har ansvaret for å halde desse vedlike . Hittil har opparbeiding og vedlikehald av tilkomstvegen over Øyna vore utført av tomteeigarane på Øyna i fellesskap.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Planframlegget tek ikkje stilling til eigarforhold og vedlikehaldsansvar. Dette er moment som må avtalast mellom grunneigar og dei som nyttar areala.</li> </ul>
Jan E Olsen Eigar av gbnr 98/52	16.08.2017	<p>Olsen er sterkt i mot planane for utviding av hytteområdet. Han har følgjande moment:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dei nye hyttene vil gå ut over friområde, der det mellom anna er opparbeidd ei blåbærmark. Etablering av to nye hytter vil ha svært negativ konsekvens for dei etablerte hytteeigedomane i området, og for born og unge sine interesser.</li> <li>• Han viser til at det er feil i planomtalen, der det står at "innenfor planområdet finner vi kun hytter fra ca 60 tallet", då huset på Refsø bnr52 er fra ca 1906, og har vore brukt som bustad fram til ca 1993. Etter dette har huset vore nytta som fritidsbustad.</li> <li>• Eine hyttetomta vil ligge der dei har gangtilkomst til fritidseigedomen i dag. Denne ligg godt i terrenget, med liten stigning. Å flytte stien vil gje ei dårlegare løysing, og han meiner at dei gjennom bruk i over 100 år har hevd på å nytte den.</li> <li>• Han meiner og at det vil bli veldig forstyrrende å få en gang vei mellom Horne og deira eigedom. Han ønskjer heller ikkje at det vert lagt til rette for flytebrygge, og viser til at vindforholda her gjer det lite gunstig.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etter administrasjonen si vurdering vil det være tilfredstillande med friareal igjen i området, sjølv om det vert tillete to nye tomter i området.</li> <li>• Dette er ei korrigerende som ikkje har avgjerande innverknad på planframlegget.</li> <li>• Det er sikra ny gangtilkomst i planframlegget. Dei privatrettselge forholda knytt til eksisteradne tilkomst må avgjerast av partane, dette vert ikkje teke stilling til i reguleringsplanen.</li> <li>• Tilkomst mellom tomt 2 og 1 er laga for å sikre tilkomst til strandsona for både hyttefolk og andre. Det vil være i strid med føringane i plan- og bygningslova å fjerne den. Når det gjeld område for flytebrygge utanfor GF3 er dette teke ut, jamfør innspel frå Fylkesmannen under.</li> </ul>
Sogn og Fjordane fylkeskommune  Nærings- og kulturavdelinga	23.08.2017	Sogn og Fjordane fylkeskommune har ingen vesentlege kulturminnefaglege merknader til planforslaget.	
Magnar Grytten Eigar av gbnr 98/21	24.08.2017	Grytten viser i sin merknad innspel ved planoppstart, og at han held fast ved denne, då dei nye hyttene vil være til urimeleg ulempe for hans eigedom, mellom ann på grunn av innsyn.	Dette forholdet er etter administrasjonen sitt syn vurdert tilstrekkeleg ved utlegging til offentlig høyring. Administrasjonen kan ikkje sjå at det ligg føre nye opplysingar i samband med høyring.

Fiskeridirektoratet region Vest	24.08.2017	<p>Fiskeridirektoratet region Vest meiner at dei burde fått varsel om oppstart av denne planen, slik hadde dei hadde fått høve til å kome med innspel tidlegast mogleg i planprosessen. Dei har registrert følgjande fiskeriinteresser og marint biologisk mangfald i området:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fiskeplasser for aktive reiskap som not, etter artane makrell og sild i området Tomasvik-Hellevik</li> <li>• Gytefelt for torsk og sild i Hellevik, våre informantar meiner dette kan vere ei lokal silde- og torskestamme, gyteperioden er frå februar til april.</li> <li>• Regionalt viktig gytefelt for kysttorsk, kartlagt av Havforskinga i 2015. Dette er ein del av eit gytefelt som òg dekkjer heile i Høydalsfjorden. Gyteperioden er frå februar til april.</li> </ul> <p>For å ta omsyn til gytinga og yngel må ein unngå sprenging i og nær sjø i perioden februar til mai.</p>	Det er lagt inn ny § 2.08 i føresegene, der kravet frå Kystverket er imøtekome.
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	01.09.2017	<p>Fylkesmannen viser til at dei rådde vi frå å opne for to nye hyttetomter på Øyna ved planoppstart. Dei viser til at området er regulert til friområde i gjeldande disposisjonsplan, og dei minner om strandsona sitt særskilde vern gjennom plan- og bygningslova og at i alle kystkommunane i Sogn og Fjordane, skal utbygging i strandsona vere del av heilskaplege utviklingsstrategi. Fylkesmannen er ikkje samd i at ei utviding av byggeområde er i samsvar med prinsippet om fortetting, og meiner framlegget heller vil føre til meir privatisering av strandsona. Dei påpeika i fråsegnen til oppstartsvarselet at friområdet er med på å dekke eit behov for felles uteareal og at ubygde areal er viktige for utøving av friluftsliv og leik i tettbygde område. Tiltaket fører til ein vesentleg reduksjon av areal som kan nyttast til friluftsliv og gje redusert tilgjenge til strandsona.</p> <p>Dersom kommunen trass i dette går for å regulere inn to nye hyttetomter meiner Fylkesmannen det er viktig å innarbeide avbøtande tiltak/løysingar i planen. Kommunen bør vurdere om ein sti mot sjøen i aust, sør for sti mot brua, kan vere med på å sikre at det negative omfanget av ei eventuell utbygging vert avgrensa.</p> <p>Vidare meiner dei at sidan den søraustlege delen av Øyna synast tilnærma urørt, det er viktig at tiltaka vert tilpassa området. Dei saknar tydelegare føresegnar for utforming av tiltaka, for å redusere dei negative verknadane av utbygginga for friluftsliv og landskap.</p>	<p>Administrasjonen er ikkje samd i denne vurderinga frå Fylkesmannen. Å tilrettelegge for hytter i allereie utbygde områder er etter vår vurdering ein god måte å nytte arealressursane på. Det vil være igjen areal for leik og opphald for alle på Øyna , og tomtane er trekt bort frå strandsona, slik at det er mogleg med fri tilkomst til denne.</p> <p>I dette området vil det være mogleg å etablere sti, og det er opna for dette i føresegnene § 4.06.</p> <p>Det er lagt til ny setning i § 3-2 som gjev føringar i høve landskapstilpassing og tilpassing til eksisterande bygg.</p>

		<p>Fleire av føresegnene er uklare, til dømes §§ 3.04, 3.05, 3.07, 3.08, 4.02, 5.01, og dette må rettast. Vidare legg dei til grunn at planen ikkje opnar for andre nye tiltak. Dei viser og til at i føresegnene er område for naust kalla BNU, på plankartet er det merka av som BUN. Det må vere samsvar mellom plankart og føresegner.</p> <p>I høve samfunnstryggleik og beredskap meiner Fylkesmannen at ROS-analysen er ordknapp og det kjem ikkje tydeleg fram kva slags vurderingar som ligg til grunn for dei tema som er vurdert som ikkje aktuelle for området. Det går i liten grad fram kva slags kjelder som har vore nytta og kven som har vore konsultert i vurderingane i ROS-analysen. Vi tilrår at det vert tydeleggjort kva slags vurderingar som ligg til grunn og kva slags kjelder som har vore nytta i analysen. Vidare meiner Fylkesmannen at føringar for bygging i omsynssona for stormflo gjeve § 7.01 i føresegnene til planen må være tydelegare i høve behovet for sikringstiltak ved bygging i denne sona.</p> <p>I ROS-analysen kjem det fram at det er avgrensa tilkomst til planområdet som kan føre til materielle skader ved brann, men at dette vert sett på som ein akseptabel risiko. Det går ikkje fram av analysen om brannsjef har vore konsultert i denne vurderinga. Vi tilrår at kommunen forsikrar seg om at brannsjef har vore konsultert, og syter for at det kjem tydeleg fram av analysen.</p>	<p>Det er gjort endringar i desse føresegene for å gjere dei tydelegare, og naustområde har fått same namn i føresegnene som på plankartet. Det nye området for flytebrygger ved GF3 er teke ut av plankartet. Det er såleis berre dei to hyttene som er nye tiltak.</p> <p>Administrasjonen er samd i at ROS-analysen burde har vore betre i høve vurderingar og kjeldetilvisingar. Administrasjonen har likevel vurdert den som akseptabel, sett i lys av omfanget av tiltaket.</p> <p>Det er gjort presiseringar i § 7.01.</p> <p>Det er mange hytteområder som har vanskeleg tilkomst for sløkkjeutstyr og lang utrykkingstid. Det vil ikkje være realistisk å forlange tilkomst til området, og det vil derfor være slik det går fram av ROA-analysen at materielle skader ved brann må aksepteras. Administrasjonen har hatt interne avklaringar i saka før vedtak om utlegging til offentleg ettersyn.</p>
--	--	--	---